



KOPI

Radøy kommune v/ teknisk drift

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1037 - 18/12518

Saksbehandlar:

Stian Marøy

Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:

29.08.2018

Byggesak Gbnr 45/1/54 og 45/1/45 og 45/79 Manger - Turløype etappe 2 - endring av rammeløyve og igangsetjingsløyve

Delegasjonssak nr.: 214/2018

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse	:	Manger
Tiltakshavar	:	Radøy kommune
Ansvarleg søkjar	:	Arkoconsult AS
Søknadstype	:	Søknad om endring av gitt rammeløyve og løyve til igangsetjing

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av rammeløyve for oppføring av universelt utforma tursti på ca. 2 km. Endringa gjeld trase mellom pel 240-280 som er trekt lengre unna eigedom gbnr 45/287 og går nå nærare barnehagen på gbnr 45/1/77.

Vidare søkjast det om igangsetjing av det endra rammeløyvet.

Kommunen har i vedtak av 01.06.2018 gjeve rammeløyve, i tillegg til dispensasjon frå byggjegrænse og arealføremål i plan.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.08.2018 og supplert den 29.08.2018.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Planstatus

Endringa gjer at ein større del av traseen nå går gjennom område som i reguleringsplanen for Manger sentrum/ 12602007000800 er definert som offentleg føremål-barnehage.

Det vurderas at trase er i tråd med offentleg føremål då traseen ikkje gjer inngrep i barnehagen sitt leikeområde, men heller vil opna for at barnehagen enklare kan ta denne i bruk.

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til eigarane av nabotomter. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet, dette då endringa er av liten karakter og i tråd med avtale gjort med nabo på gbnr 45/287. Radøy kommune er eigar av eigedom gbnr 45/1/77 som tiltaket nå kjem nærare.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i revidert situasjonsplan datert 24.07.2018.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Arkoconsult AS**, org.nr. 918 269 665, har erklært ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Arkoconsult AS**, org.nr. 918 269 665, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for arkitektonisk utforming og brukbarheit – avgrensa til teikningar for byggjesøknad**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Nordhordland Grunn og betong AS**, org.nr. 990 193 975, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) for turløype - heile tiltaket, med unntak av teikningar til byggjesøknad**.

Føretaket har sentralgodkjenning som delvis dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Nordhordland Grunn og betong AS**, org.nr. 990 193 975, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) for utstikking, innmåling, grunnarbeid og landskapsutforming**.

Føretaket har sentralgodkjenning som delvis dekker ansvarsområdet.

FØRETAK	SG*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Arkoconsult AS , org.nr. 918 269 665	X	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Arkoconsult AS , org.nr. 918 269 665	X	PRO	1	Arkitektonisk utforming og brukbarheit – avgrensa til teikningar for byggjesøknad

Nordhordland Grunn og betong AS, org.nr. 990 193 975	(X)	PRO	1	Turløype - heile tiltaket, med unntak av teikningar til byggjesøknad
Nordhordland Grunn og betong AS, org.nr. 990 193 975	(X)	UTF	1	Utstikking, innmåling, grunnarbeid og landskapsutforming

*Sentral godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 I, 20-2 a og 20-3 vert det GODKJENT endring av vedtak i sak 137/2018 som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan rev B, datert 24.07.2018

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 I, 20-2 a og 20-3 vert det GODKJENT søknad om igangsetjing som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 01.06.2018 med vilkår gjeld for tiltaket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 30.03.17 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.10	Delt sakshandsaming	kr	<u>3 200</u>
		Totalsum	kr 3 200

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet datert 01.06.2018 er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 17/1037

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Radøy kommune v/ teknisk drift

Mottakere:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSEN